

Til Kunnskapsdepartementet

Oslo, 10. mai 2024

## **Høringssvar fra Creo – Forslag til endringar i nivåkrav ved opptak til høgare utdanning og opptak til praktisk-pedagogisk utdanning**

Det vises til Kunnskapsdepartementets høyringsnotat av 23. april 2024. Creo takkar for høvet til å kome med innspel.

Med snart 11 000 medlemmer er Creo Noregs største fagforeining og interesseorganisasjon innan kunst- og kulturfeltet. Me arbeider for å tryggje medlemmane våre betre lønns- og arbeidsvilkår, anten dei er arbeidstakrar eller sjølvstendig næringsdrivande. Creo er tilslutta Landsorganisasjonen i Noreg (LO).

Alle som har inntekt frå kunstnarlege eller kunstpedagogiske yrke, kan bli medlem i Creo. Me organiserer mellom anna utøvande musikkarar, dansarar, pedagogar, produsentar, musikkterapeutar, scenografer, dirigentar, inspisientar, sufflørarar, teknikkarar og kritikkarar.

Creo vel å uttale seg på dei feltene som me meiner er mest relevante for Creos medlemmer. Me har difor valt å berre svare på spørsmål som har nærmere tilknyting til dei fagområda som me forvaltar.

### **Opptak til praktisk-pedagogisk utdanning på grunnlag av bachelorgrad**

Ein viktig veg til utdanning av lærarar i praktiske og estetiske fag er fagutdanning på bachelornivå med PPU til slutt. I følgje statistikk for høgare utdanning vart 2636 kandidatar utdanna på denne måten i perioden 2020-2022. I dag får kandidatar med fagutdanning på bachelornivå opptak til PPU på to ulike måtar. Anten med grunnlag i ei bachelorgrad med fordjuping i eit utøvande eller skapande kunstfag frå til dømes Norges musikkhøgskole eller Kunsthøgskolen i Oslo med finansieringskategori A eller B.

Ei bachelorgrad med inntil tre fag frå universitet og høgskular som gir kompetanse i å undervise i praktiske og estetiske fag i grunnskulen har vore alternativet for majoriteten av lærarutdanningskandidatar dei siste åra. Denne vegen skulle eigentleg vert stengd i 2025. Berre eit fåtal utdanningsinstitusjonar i dei store byane oppfyller vilkåra om finansieringskategori A eller B, og her er talet på kandidatar få. Frå 2025 ville altså delen av kandidatar i praktiske og estetiske fag i lærarutdanningane bli vesentleg redusert om vi ikkje får endra forskrifta om opptak for PPU-allmennfag.

### **Manglar kvalifiserte lærarar**

Vi ser eit klart behov for ei styrking av praktiske og estetiske fag i grunnskulen. Reformene i lærarutdanningane dei siste åra har redusert talet på formelt utdanna lærarar i praktiske og estetiske fag. Tidlegare hadde mange allmennlærarar praktiske og estetiske fag som del av si

utdanning, men gjennom endringar i grunnskulelærarutdanninga har det blitt utdanna færre lærarar med brei fagkompetanse. Dette har gått særleg ut over praktiske og estetiske fag og rekruttering av kvalifiserte lærarar i distrikta.

Tal frå SSB viser at snittalderen for lærarar med utdanning i kunst og handverk og musikk går opp, og at delen som manglar kompetanse på sikt blir enno større. Då opptakskravet til PPU allmennfag vart masterutdanning i 2018, fekk kandidatar med bakgrunn i praktiske og estetiske fag unntak i nokre år for å sikre kulturfagleg kompetanse vidare. No ser vi at kompetanse-behovet for desse faga i skulen er forsterka etter 2018.

### Nøkkelpersonar

I Hurdalsplattformen erklærte regjeringa satsing for å styrke plass og del av praktiske og estetiske fag i lærarutdanningane. Skal vi få fleire unge til å velje yrkesfaglege studieretningar i vidaregåande opplæring, er møtet med praktiske og estetiske fag i grunnskulen avgjerande. Vidare vart PPU og kvalifisering av lærarar til kulturskulane løfta opp i Stortingsmelding 18 (2020-2021).

Målet om å sikre eit mangfold av skaparar og utøvarar i barne- og ungdomskulturen føreset sterke fagkulturar. Lærarar i praktiske og estetiske fag har gjerne kombinerte stillingar i skule og kulturskule. Dette er lærarar som er svært kvalifiserte i sine fagområde, og som gjerne er utøvande i eiga verksamhet i tillegg. I mange lokalsamfunn er dei nøkkelpersonar i arbeid for at born og unge skal få utvikle seg innan musikk, kunst og handverk, drama og kroppsøving. I den frivillige delen av idrett- og kulturliv tek dei gjerne ansvar som instruktørar, trenarar, kor- og korpsdirigentar.

Både opplæringslova, læreplanen og rammeplanen for kulturskulen framhevar tydinga av samarbeid mellom grunnskule og kulturskule. Her er faglærarar i praktiske og estetiske fag med brei kompetanse avgjerande.

### Utsette lærarar

Fråfall frå yrket er ei viktig årsak til mangel på kvalifiserte lærarar. Årsakene er samansette, men lærarar er utsette for personlege nederlag om dei må ta ansvar for undervisningsfag utan fagkompetanse. Praktiske og estetiske fag i skulen er mellom dei undervisningsfaga med færrest fagkompetente lærarar. Vi kan alle tenke oss korleis det kan vere å undervise i musikk eller kunst og handverk utan å erfare fagleg meistring.

Difor er spørsmålet om opptakskrav for praktiske og estetiske fag i PPU også eit spørsmål som gjeld meir samansette utfordringar skulen. Eit viktig steg for styrking av skaparglede for både born og vaksne i heile landet er difor å sikre vidareføring av breitt opptak for praktiske og estetiske fag i PPU-allmennfag ut over 2025.

### Departementets vurdering, jfr pkt 3.2., og departementets forsalg, jfr pkt 3.3.

Departementet peiker i sin vurdering på behovet for lærarar med bachelor i praktiske og estetiske fag. Det tek fleire år før ein får eit volum av kandidatar frå den femårige lærarutdanninga i praktiske og estetiske fag, og behovet blir ikkje dekka av kandidatar frå grunnskulelærarutdanninga. Derfor meiner departementet det er nødvendig å halde fram satsinga på PPU for dei med bachelor i praktiske og estetiske fag, og forlenge unntaket frå masterkravet fram til 2030.

*Dette er eit forslag som Creo kan tilslutte seg, og me er glade for at Departementet har lytta til fagmiljøa på dette punktet, og at det foreslås å forlenge unntaket frå krav om mastergrad*



*for opptak til praktisk-pedagogisk utdanning for søkerar med bachelor i praktiske og estetiske fag, fram til 2030.*

*Me vil i tillegg be om at unntaket ikkje berre skal gjelde fram til 2030, men blir eit varig unntak.*

Mvh

A handwritten signature in blue ink, appearing to read "Hans Ola Røn".

Forbundsleder  
*Creo – forbundet for kunst og kultur*